**KOMMISJONSAVGJERD** **2017/EØS/70/39**

**av 17. juni 2013**

**om endring av vedtak 2006/799/EF, 2007/64/EF, 2009/300/EF, 2009/543/EF, 2009/544/EF, 2009/563/EF, 2009/564/EF, 2009/567/EF, 2009/568/EF, 2009/578/EF, 2009/598/EF, 2009/607/EF, 2009/894/EF, 2009/967/EF og 2010/18/EF og av avgjerd 2011/331/EU med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til visse produkt, skal gjelde for**

*[meld under nummeret K(2013) 3550]*

(2013/295/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket([1]), særleg artikkel 8 nr. 3 bokstav c),

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonsvedtak 2006/799/EF av 3. november 2006 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetringsmiddel([2]) går ut 31. desember 2013.

2) Kommisjonsvedtak 2007/64/EF av 15. desember 2006 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til dyrkingsmedium([3]) går ut 31. desember 2013.

3) Kommisjonsvedtak 2009/300/EF av 12. mars 2009 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn([4]) går ut 31. oktober 2013.

4) Kommisjonsvedtak 2009/543/EF av 13. august 2008 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til utendørs maling og lakk([5]) går ut 30. juni 2013.

5) Kommisjonsvedtak 2009/544/EF av 13. august 2008 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til innendørs maling og lakk([6]) går ut 30. juni 2013.

6) Kommisjonsvedtak 2009/563/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy([7]) går ut 10. juli 2013.

7) Kommisjonsvedtak 2009/564/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til campingplasstenester([8]) går ut 10. juli 2013.

8) Kommisjonsvedtak 2009/567/EF av 9. juli 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilprodukter([9]) går ut 10. juli 2013.

9) Kommisjonsvedtak 2009/568/EF av 9. juli 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mykpapir([10]) går ut 10. juli 2013.

10) Kommisjonsvedtak 2009/578/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til overnattingstenester([11]) går ut 10. juli 2013.

11) Kommisjonsvedtak 2009/598/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til madrassar([12]) går ut 10. juli 2013.

12) Kommisjonsvedtak 2009/607/EF av 9. juli 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til harde dekker([13]) går ut 10. juli 2013.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 167 av 19.6.2013, s. 57, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 207/2013 av 8. november 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 27.3.2014, s. 36.

(1) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

(2) TEU L 325 av 24.11.2006, s. 28.

(3) TEU L 32 av 6.2.2007, s. 137.

(4) TEU L 82 av 28.3.2009, s. 3.

(5) TEU L 181 av 14.7.2009, s. 27.

(6) TEU L 181 av 14.7.2009, s. 39.

(7) TEU L 196 av 28.7.2009, s. 27.

(8) TEU L 196 av 28.7.2009, s. 36.

(9) TEU L 197 av 29.7.2009, s. 70.

(10) TEU L 197 av 29.7.2009, s. 87.

(11) TEU L 198 av 30.7.2009, s. 57.

(12) TEU L 203 av 5.8.2009, s. 65.

(13) TEU L 208 av 12.8.2009, s. 21.

13) Kommisjonsvedtak 2009/894/EF av 30. november 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tremøblar([1]) går ut 1. desember 2013.

14) Kommisjonsvedtak 2009/967/EF av 30. november 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstile gulvbelegg([2]) går ut 1. desember 2013.

15) Kommisjonsvedtak 2010/18/EF av 26. november 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til gulvbelegg av tre([3]) går ut 27. november 2013.

16) Kommisjonsavgjerd 2011/331/EU av 6. juni 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til lyskjelder([4]) går ut 6. juni 2013.

17) Det er gjort ei vurdering av relevansen og nytten av dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i desse vedtaka. Ettersom revisjonen av desse vedtaka er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/567/EF, 2009/543/EF, 2009/544/EF og 2009/598/EF skal gjelde for, bør lengjast til 30. juni 2014. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/300/EF skal gjelde for, bør lengjast til 31. oktober 2014. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2006/799/EF, 2007/64/EF og 2009/894/EF og i avgjerd 2011/331/EU skal gjelde for, bør lengjast til 31. desember 2014. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/563/EF og 2009/568/EF skal gjelde for, bør lengjast til 30. juni 2015. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/564/EF og 2009/578/EF skal gjelde for, bør lengjast til 30. november 2015. Det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/967/EF og 2010/18/EF skal gjelde for, bør lengjast til 31. desember 2015, og det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/607/EF skal gjelde for, bør lengjast til 30. november 2017.

([1]) TEU L 320 av 5.12.2009, s. 23.
([2]) TEU L 332 av 17.12.2009, s. 1.
([3]) TEU L 8 av 13.1.2010, s. 32.
([4]) TEU L 148 av 7.6.2011, s. 13.

18) Vedtak 2006/799/EF, 2007/64/EF, 2009/300/EF, 2009/543/EF, 2009/544/EF, 2009/563/EF, 2009/564/EF, 2009/567/EF, 2009/568/EF, 2009/578/EF, 2009/598/EF, 2009/607/EF, 2009/894/EF, 2009/967/EF, 2010/18/EF og avgjerd 2011/331/EU bør difor endrast.

19) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedtak 2006/799/EF skal artikkel 6 lyde:

«*Artikkel 6*

Miljøkriteria for produktgruppa «jordbetringsmiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2014.»

*Artikkel 2*

I vedtak 2007/64/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «dyrkingsmedium» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2014.»

*Artikkel 3*

I vedtak 2009/300/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «fjernsyn» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. oktober 2014.»

*Artikkel 4*

I vedtak 2009/543/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «utendørs maling og lakk» samt de krav til vurdering og kontroll som er knyttet til kriteriene, skal gjelde til 30. juni 2014.»

*Artikkel 5*

I vedtak 2009/544/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «innendørs maling og lakk» samt de krav til vurdering og kontroll som er knyttet til kriteriene, skal gjelde til 30. juni 2014.»

*Artikkel 6*

I vedtak 2009/563/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «fottøy» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. juni 2015.»

*Artikkel 7*

I vedtak 2009/564/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriteria for produktgruppa «campingplasstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. november 2015.»

*Artikkel 8*

I vedtak 2009/567/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «tekstilprodukter» og de tilhørende kravene til vurdering og kontroll skal gjelde til 30. juni 2014.»

*Artikkel 9*

I vedtak 2009/568/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «mykpapir» og kravene til vurdering og kontroll i forbindelse med kriteriene skal gjelde til 30. juni 2015.»

*Artikkel 10*

I vedtak 2009/578/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriteria for produktgruppa «overnattingstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. november 2015.»

*Artikkel 11*

I vedtak 2009/598/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «madrassar» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. juni 2014.»

*Artikkel 12*

I vedtak 2009/607/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «harde dekker» og de tilhørende kravene til vurdering og kontroll skal gjelde til 30. november 2017.»

*Artikkel 13*

I vedtak 2009/894/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «tremøblar» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2014.»

*Artikkel 14*

I vedtak 2009/967/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «tekstile gulvbelegg» og de tilhørende kravene til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2015.»

*Artikkel 15*

I vedtak 2010/18/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «gulvbelegg av tre» samt kravene til vurdering og kontroll som er knyttet til disse kriteriene, skal gjelde til 31. desember 2015.»

*Artikkel 16*

I avgjerd 2011/331/EU skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «lyskjelder» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2014.»

*Artikkel 17*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. juni 2013.

*For Kommisjonen*

Janez POTOČNIK

*Medlem av Kommisjonen*